

---

Saksnr: 2020/79551-1  
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren  
Dato: 18.12.2020

---

---

**Til:** Hovudutval opplæring og kompetanse

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

---

## Skulebidragsindikatorar

Frå 9 desember 2020 har fylkesdirektør for opplæring og kompetanse tilgang til skulebidragsindikatorane og ynskjer med dette notatet å orientere hovudutvalet om kva skulebidragsindikatorane syner.

### Kva er skulebidragsindikatorar?

I 2004 blei det norske kvalitetsvurderingssystemet (NKVS) innført. Kvalitetsvurderingssystemet skulle bidra til kontroll og dialog om skulen sitt innhald, og drive systematisk kvalitetsutviklingsarbeid for å løfte kvaliteten på opplæringa.

Skulebidragsindikatorane inngår i skuleeigar og skuleleiinga sitt arbeid med kvalitetsvurdering gjennom å nysansere resultat frå nasjonale prøvar, karakterar og tal på gjennomføring.

### Kva viser skulebidragsindikatorar?

Skulebidragsindikatorane skal gi ein indikasjon på kva skulen sin innsats har å seie for elevane sine resultat.

Dei skal vise i kva grad skulen greier å

- løfte elevane fagleg (karakterpoeng)
- få elevane til å fullføre og bestå (årsbestått)
- halde på elevane slik at dei ikkje sluttar (deltaking)

Skulebidragsindikatorane skal vise om elevane si prestasjonsutvikling er større eller mindre enn den gjennomsnittlege prestasjonsutviklinga til elevar med tilsvarende føresetnadar.

Indikatorane gir ingen forklaring på kva som kan vere grunnen til skulen sitt bidraget.

### Kvifor skulebidragsindikatorar?

Skuleindikatorane skal gi aktuell, relevant, forståeleg og korrekt informasjon om skulen sin innsats i høve til fagleg utbytte, læringsmiljøet og tilpassa opplæring. For å kunne måle skulen sitt bidrag til elevane si læring er det teke omsyn til grunnlaget/føresetnadane elevane hadde med seg då dei starta i vidaregåande skule, til dømes tidlegare karakterar.

Indikatorane seier noko om skulen sitt bidrag til elevane si læring i forhold til landsgjennomsnittet, men ikkje noko om kva faktorar ved skulen som ligg bak eit høgt eller lågt skår. Skuleeigar og skuleleiingar skal bruke indikatorane i arbeidet sitt med å utvikle skulane. Skulen sin skår kan vere resultat av mange faktorar, til dømes lærarkrefter, læringsmiljø og ressurstilgang, og indikatorane må derfor sjåast i samanheng med andre resultat og kjelder til informasjon.

### Korleis er indikatorane presentert?

Studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram blir presentert kvar for seg, og er ikkje direkte samanliknbare.

Skulebidragsindikatoren viser forholdet mellom skulen sitt forventa og faktiske resultat. I det forventa resultatet blir det kontrollert for føresetnadane elevane har med seg frå tidlegare.

Skulebidrag er ein relativ storleik, der alle skulane blir målt mot eit landsgjennomsnitt.

- Dersom skulen sitt bidrag er likt med landsgjennomsnittet, er skulebidraget 0.
- Ein positiv verdi indikerer at skulen bidreg meir enn landsgjennomsnittet.

- Ein negativ verdi indikerer at skulen bidreg mindre enn landsgjennomsnittet.

Ein negativ verdi betyr ikkje at skulen bidreg negativt til elevane sine resultat, men at bidraget er mindre enn landsgjennomsnittet.